



Sykkylven Energi AS informerer...

10. juli 2017

Side 1

Nettleiga vert sett ned frå 1. juli 2017

Frå 1. juli vert energileddet redusert med 3,75 øre inkl. mva pr kWh for hushaldskundar og lita næring, for stor næring vert energileddet redusert med 1,25 øre inkl. mva pr kWh.

Reduksjonen utgjer om lag 10 % av nettleiga utan offentlege avgifter. For ein hushaldskunde med eit årleg forbruk på 20 000 kWh utgjer dette ei årleg innsparing på om lag kr. 750.

For 2017 går over halvparten av nettleiga til offentlege avgifter (51 %), 35 % til å drifte det lokale nettet og 14 % går til å drifte regional- og sentralnett.

Nettleigesatsar for hushaldning og fritidsbustadar frå 1. juli 2017:

Vilkår	Fastbeløp kr per år	Energiledd øre per kWh ekskl. avgift	Forbruks- avgift øre per kWh	Energi- fondet øre per kWh	Sum energi- ledd øre per kWh inkl. avgift
Hushaldning og fritidsbustadar	2 618	21,275	20,4	1,25	42,925

Opprett eFaktura eller epostfaktura og få kr. 125 i rabatt pr. år på fastbeløpet.

Prisane er inkl. mva

Nettleigesatsane for næringskundar finn du på www.sykkylven-energi.no


Nettleiga skal dekke våre utgifter til vedlikehald, investeringar, administrasjon, drift, renter og avdrag på gjeld og skal påplussast offentlege avgifter. Det kostar omtrent det same å drifte nettet om det vert frakta mykje eller lite straum. Delar av nettleia som vi krev inn skal betalast vidare til Mørenett og Statnett, for å dekke kostnader ved å frakte

Kumlokk med informasjon til innbyggjarane i Sykkylven

Informasjonen på kumlokka skal på ein humoristisk måte, (men med ein alvorleg undertone) minne oss om kva vi ikkje skal kaste i do!

Kumlokka er utplassert på ulike stadar i kommunen.

Fordeling av nettleige for Sykkylven Energi 2017



Aktuelle saker:

- Nettleige—endring frå 1. juli 2017
- Kumlokkaksjon
- Årsrekneskap 2016
- Sykkylven Energi Fondet 2017

10. juli – 4.
august 2017
har vi ope frå
kl 10 – 14.



Sykkylven Energi AS
Haugsetvegen 33
6230 Sykkylven
Telefon 70246300
Feilmelding 70246350
www.sykkylven-energi.no
firmapost@sykkylven-energi.no



Spør først, grav etterpå

Før oppstart av gravearbeid må du undersøke om det ligg straumkablår, fiberkablår, vass- eller avløpsleidningar nedgravd.

Dette gjer du enkelt ved å ta kontakt med oss seinast kl. 12 dagen før graving skal skje.

Ein graveskade kan utløyse erstatningskrav og ha alvorlege konsekvensar for liv og eigedom!

Årsrekneskap for 2016

19. juni vart det halde generalforsamling i Sykkylven Energi AS.

Rekneskapan for 2016 viste eit overskot etter skatt på kr 8,5 mill.

2016 har vore eit hektisk, spanande og krevjande år og kjem til å bli hugsa av fleire grunnar.

Etter eit vått og magert 2015 med låge kraftprisar løfta marknaden seg i 2016. Verdien av kvar eigenprodusert kilowatttime steig med 9 øre, og utgjorde ei samla inntektsauke på om lag 4 mill. Kraftprisen, kombinert med ei effektiv drift, er dei sterkaste bidragsytarane til det gode resultatet i 2016.

Vi kan i dag sjå tilbake på ein 5-års periode der vi har bygd samfunnskritisk og framtidsretta infrastruktur.


I 2016 vart siste del av 22 kV-høgspennetnettet som knyt oss til sentralnettet på Heiane satt i drift. Dette var ein viktig milepæl og markerer såleis avslutninga på det største prosjektet innan EL-forsyning i selskapet si historie. Den nye 420 kV linja og det nye 22 kV-nettet gjer at Sykkylven no har ei svært sikker og robust straumforsyning.

Samstundes med etablering av ca 15 km høgspennet kabelgrøfter har vi og bygd mykje nytt fiber- samt vass- og avlaupsnett. Den tverrfaglege og den samfunnsmessige vinsten av heile prosjektet har vore stor.

Sykkylven Energi AS er 100 % eigd av Sykkylven kommune. Eit strategisk hovudmål er lokalt eigarskap samstundes som selskapet skal vere ein viktig bidragsytar i samfunnsutviklinga.

Generalforsamlinga vedtok at kr 11 mill. skal utbetalast til eigar som utbytte, og at kr 2,5 mill. vert overført frå annan eigenkapital til utbytte.

Årsmeldinga finn du på heimesida vår: www.sykkylven-energi.no



Sykkylven Energi Fondet 2017

Tildeling frå Sykkylven Energi Fondet 2017 er no gjort.

Alle som søkte om støtte frå årets fond, har fått beskjed om dei fekk midlar eller ikkje. Det kom i år inn 22 søknadar, og summen av søknadane var 900.000,- kroner.



I år går ein stor del av fondet til Sykkylven sykkelklubb sitt prosjekt med å opparbeide ei pumtrackbane (kulebane) ved Storhallen.

Dei andre som også har fått støtte er: Velledalen IL orienteringsgruppa, Sykkylven Innebandyklubb, Sykkylven Handelsforening, Sykkylven jeger og fiskeforening, Sykkylven Skulekorps, Sykkylven IL turn og Koselan.



SYKKYLVEN
ENERGI AS

Sykkylven Energi AS
Haugsetvegen 33
6230 Sykkylven
Telefon 70246300
Feilmelding 70246350
www.sykkylven-energi.no
firmapost@sykkylven-energi.no